

Oddbjørn Leirvik:

KRLE – politikk og pedagogikk

Kommentarartikkel i *Kirke og Kultur* 4: 2014, s. 310-312.

I samarbeidsavtalen som ligg til grunn for den blå-blå regjeringa, fekk KrF med seg Høgre, FrP og Venstre på eit vedtak om at «RLE-faget endrer navn til KRLE (Kristendom, religion, livssyn og etikk) og kravet om at faget, i tråd med kompetansemålene, skal inneholde minst 55 pst kristendom gjeninnføres.» Interessant nok var det fleire kyrkjeleiarar (mellom andre biskop Erling Pettersen, ein av arkitektane bak faget på 1990-talet) som sterkt åtvara mot på denne måten å vekke til live gamle stridar. I oktober sende departementet saka ut på høyring, med den noko modererte formuleringa at kristendomsdelen av faget skal ha «om lag halvparten» av undervisningstida.

Den som på KrF sine vegner fronta vedtaket i samarbeidsavtalen, var Dagrun Eriksen. Då den raudgrøne regjeringa for sju år sidan foreslo å endre namnet på faget frå KRL (Kristendom, religion og livssyn) til RLE (Religion, livssyn og etikk), samt å ta bort klausulen om at minst 55 % av timetalet skulle brukast på kristendomsdelen, slo den same Dagrun Eriksen avkristningsalarm med følgjande kraftsats: «Nå utsletter man Norges tusenårige historie, med kristendommen som en stor del av vår kulturarv.» Ikkje noko mindre!

Det felles kristendoms-, religions- og livssynsfaget i norsk skule er noko for seg sjølv, også i internasjonalt perspektiv. Det er ikkje mange land i verda som har våga seg på å utvikle eit felles, obligatorisk religionsfag i grunnskulen. Det mest vanlege internasjonalt er anten konfesjonell religionsundervisning (gjerne då med fleire parallelle alternativ), eller inga religionsundervisning i den offentlege skulen.

Men faget har frå første stund handla om mykje meir enn banebrytande pedagogikk. At faget inngår i eit større politisk prosjekt som langt fleire enn KrF har fremja, går fram av den generelle delen av læreplanen for skulen som Gudmund Hernes skreiv i 1993. Der kan ein lese at «Den kristne tro og tradisjon utgjør en dyp strøm i vår historie - en arv som forener oss som folk på tvers av trosretninger.» Då planane om å innføre eit «utvida kristendomsfag» vart annonsert i 1995, var det då også tydeleg at eit hovudmål for faget skulle vere å sikre den kristne kulturarven for framtida, balansert med eit like politisk mål om å styrke skulen som ein arena for dialog i det pluralistiske samfunnet.

Den politiske symbolstatusen som faget har fått, går også fram av det faktum at faget er forsynt med ein eigen paragraf i opplæringslova. Her slår ein fast at faget ikkje skal vere forkynnande; at det både skal gi kunnskap om den kristne kulturarven og om dei ulike verdsreligionane; at det skal bidra til «forståing, respekt og evne til dialog»; og at faget skal presentere ulike verdsreligionar og livssyn på ein «objektiv, kritisk og pluralistisk måte».

Dagens formuleringar i opplæringslova speglar også eit anna særtrekk ved faget, nemleg at det har fått ein dom mot seg i Den europeiske menneskerettsdomstolen, etter at både Human-Etisk Forbund og Islamsk Råd – utan å nå fram i dei norske rettsinstansane – hadde reist sak mot staten for å ha gjort eit såpass kristendomsdominert skulefag obligatorisk. Det var dommen mot Norge i 2007 som gjorde at den raudgrøne regjeringa i 2008 tok bort klausulen

om 55 % kristendom, endra namnet på faget til RLE, og tok inn formuleringa «objektiv, kritisk og pluralistisk» i opplæringslova. Dessutan vart også formålsparagrafen for skulen endra – frå det gamle målet om å hjelpe foreldra til å gi borna ei «kristen og moralsk oppseding» til ei (stadig kristendomsstentrert) markering av at opplæringa skal byggje på «grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon».

Gjennom alle dei endringane faget har blitt utsett for (mellom anna gjennom tre læreplanrevisjonar), har ein ting ligge fast – nemleg at kristendomsdelen av faget heile tida har vore den klart største. Ei samanlikning av læreverk for ungdomstrinnet frå 2007, medan klausulen om minst 55 % kristendom framleis stod fast, viste ein variasjon frå 36 til 50 % kristendomsstoff. Praksisen i klasserommet har truleg variert på liknande måte.

Men også det å vie ein tredel av faget til kristendomsstoffet, inneber ei klar prioritering av den kristne kulturarven. Når faget er delt inn i dei tre hovudområda (1) Kristendom, (2) Jødedom, islam, hinduisme, buddhisme og livssyn, og (3) Filosofi og etikk, ville det ikkje vere unaturleg å tolke dette som at kristendomsdelen skal ha om lag ein tredel av tida. Stikk i strid med det som ofte blir hevda, tilseier då heller ikkje talet på kristendomsrelaterte kompetansemål i læreplanen at denne delen av faget skulle ta vesentleg meir plass enn ein tredjepart.

Det er dette som heile tida har blitt underkommunisert i KrF si markskrikerske haldning til faget: Det einaste konstante i faget si elles omskiftelege historie er at kristendommen heile tida har hatt kvantitativ forrang. Dette er det då også ganske stor semje om – vel å merke så lenge kristendomsdelen ikkje blir altfor sterkt dominerande. Her er det snakk om ein fin balansegang mellom majoritet- og minoritetsinteresser. Gjennom skulane og lærarane si profesjonelle tilrettelegging av faget, har ein då også dei seinare åra greidd å skape ro omkring faget og det ser ut til å vere svært få av minoritetsforeldra som nyttar seg av den delvise fritaksretten. Elevar gir stadig positive skussmål til faget som på sitt beste fungerer som ein unik arena for dialogisk læring om religion og etikk.

Det er desse pedagogiske vinningane som KrF – og regjeringspartnarane – no set i fare ved å gjere faget til føremål for politisk hestehandel. Når saka etter ein høyringsrunde skal ferdigbehandlast, kan ein jo fromt vone at vekta blir lagt på faget sitt pedagogiske potensial som dialogfag, i staden for å blir overstyrt av eit kristent-kulturelt, identitetspolitisk prosjekt. Om KrF, med meir eller mindre heilhjarta støtte frå regjeringspartia, får gjennomslag for sin identitetspolitikk, kan heile faget stå i fare. Om det då ikkje nok ein gong blir berga av lærarane og lærebokforfattarane.